



## Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:  
21/18479-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
12.02.2021

### Uttale til søknad om dispensasjon – Etablering av einebustad – Gnr. 93 bnr. 10 – Litlehovde – Alver kommune

Vi viser til brev frå Alver kommune, dagsett 29.01.2021. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremål for etablering av einebustad på gnr. 93 bnr. 10, Litlehovde. Søknaden er oversendt Statens vegvesen med 4 vekers uttalefrist.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Lindås 2019–2031 er definert som LNF-føremål. Tilkomst til eigedomen kryssar den Trondhjemske postveg. Kommunen opplyser tiltaket i seg sjølv ikkje kjem i direkte konflikt med den Trondhjemske postveg.

Statens vegvesen har sektoransvar for veghistoriske kulturminne og har eit ansvar for å ivareta interesser knytt til dei historiske hovudvegane, som post- og kongevegar, som for ein stor del er umatrikulert veggrunn.

#### Uttale

##### Bakgrunn

Den Trondhjemske postveg vart vedteken ved kgl. res i 1785 og utbygd i åra etter dette. Vegen var den første hovudvegen mellom Bergen og Trondheim.

Den Trondhjemske postveg er i dag eit nasjonalt viktig kulturminne. Delar av vegen er verna gjennom Statens vegvesen sin nasjonale verneplan for veger, bruer og vegrelaterte kulturminne (med status statleg listeført kulturminne), andre stader er vegen forskriftsfreda. Fleire og fleire «postvegkommunar» har også sikra vegen gjennom omsynssoner i plansamanheng. Heile Den Trondhjemske postveg er lagt inn i Askeladden, Riksantikvaren sin kulturminnebase, samt i Kulturminnesøk, og er slik sett synleg i offentlege kart over kulturminne.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Postvegen er eit langt kulturminne, kan hende Noregs lengste. Sjølv om det det varierer kor autentisk vegen er frå stad til stad, og at einskilde strekningar har større verneverdi enn andre, er det viktig å ta vare på heilskapen i vegen mellom Bergen og Trondheim. Mykje av vegen er til bruk for ålmenta, som turveg, slik som i Alver kommune. I Alver kommune er strekninga mellom Trælevikja og Vågseidet, vel 8 km. verna som del av Statens vegvesen sin nasjonale verneplan.

#### Vurdering av det omsøkte tiltaket og den verna postvegen

Det omsøkte tiltaket gjeld løyve til å byggje bustadhus i LNF -område på garden Hetlehovda. Bustaden er planlagt på ei tomt vest for postvegen, slik at postvegen må kryssast for å komme fram til huset. Det må også opparbeidast ny veg vestover frå postvegen og fram til bustaden. I dag ligg det ein traktorveg her.

Det omsøkte tiltaket medfører at postvegen vert kryssa for å komme fram til bustaden. Postvegen her er del av Statens vegvesen sin nasjonale verneplan og eit listeført kulturminne. Samstundes ser me at punktet der postvegen vert råka i dag er eit vegkryss mellom postvegen, kommunal veg og gardsvegen til Heltehovda. Slik sett har dette punktet i lang tid vore i bruk som køyreveg/gardsveg.

Då punktet alt er i bruk som kryss for bilkøyning og er oppgradert gjennom åra til å tole dette vurderer me det slik at tiltaket ikkje vil føre til ei vesentleg større endring enn i dag. Statens vegvesen vil godta at postvegen vert kryssa og del av veg inn til ny bustad, men dette med nokre få vilkår:

- Krysspunktet skal skje på same stad som i dag.
- Krysset skal ikkje utvidast.
- Det nye tiltaket skal ikkje endre på postvegen.
- Postvegen skal ikkje asfalterast.
- Ny veg inn til bustaden må utformast slik at den får ein fin overgang mot postvegen, som ikkje bryt for mykje med den historiske vegen.
- Postvegen skal være open for allmenn ferdsel gjennom krysset (turgåing), gjerne med skilt som viser turgåarar rett veg.
- Om postvegen vert skada eller må vedlikehaldas i kryssområdet er det brukarane som er ansvarlege. For ordens skuld legg me til at alle tiltak som rårer postvegen utanom ordinært vedlikehald er søknadspliktige.

Tiltakshavar må i byggjesaka dokumentere korleis desse vilkåra vil bli ivaretatt og Alver kommune må sørge for at dette vert gjort før det vert gjeve byggjeløyve/igangsetjingsløyve.

Statens vegvesen peiker elles på at det omsøkte tiltaket naturleg nok vil føre til meir køyring over postvegen på dette punktet, noko som kan føre til konflikt og farlege situasjonar med turgåarar som kryssar her. Alver kommune må som ansvarleg plan- og bygningsmynde gjere ei vurdering av om trafikktryggleiken for turgåarar er akseptabel.

Vi minner om at Statens vegvesen skal ha oversendt eit eventuelt dispensasjonsvedtak for klagevurdering.

Transport vest, Transportforvaltning  
Med helsing

Frode Moen Aarland  
seksjonsleiar

Ingelin Garen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG BERGEN, Postboks 7900, 5020  
BERGEN